

REGLAR FOR VESTLANDSMEISTERSKAPEN I ORIENTERING

(sist endra/oppdatert etter handsaming på vest-norsk o-krinsleiar møte vinteren 2013)

1. Vestlandsmeisterskapen er eit årleg arrangement med status som distriktsmeisterskap for Vestlandsregionen. Pr. 17.februar 2002 består Vestlandsregionen av o-krinsane Sogn&Fjordane, Hordaland og Rogaland.

2. Vestlandsmeisterskapen har 2 tevlingar som arrangerast same helg, så langt råd er på den av NOF sentralt oppsette DM-helga. Den første tevlinga er ei individuell langdistansetevling, den andre tevlinga er ein stafett mellom klubblag. I stafetten kan fleirklubblag delta i henhold til gjeldande reglar innan NOF.

3. Tevlingane i Vestlandsmeisterskapen er opne for alle løparar/lag, men løparar/lag utanfrå Vestlandsregionen deltar utanfor konkurranse i sjølve meisterskapstittel- og medaljekampen.

4. Individuelle meisterskapsklasser :

damer : 13-14 15-16 17-18 19-20 21- 40- 50- 60- 70-

herrer : 13-14 15-16 17-18 19-20 21- 40- 50- 60- 70-

Det skal også vere underklasser (utanfor sjølve meisterskapen) i henhold til gjeldande reglar innan NOF og/eller vedkommande arrangørkrins.

5. Stafettmeisterskapsklasser :

damer : "herrer" (damer kan løpe ei eller fleire etapper):

D13-16 H13-16

D17- H17-

D156 H156

Alle klasser har 3 etapper. Arrangøren kan velje om etappene innan kvar klasse leggjast med lik lengd, eller om ei eller to av etappene leggjast med redusert lengd. Dette siste skal i så fall gå fram av innbydinga. I D/H156 skal samla alder for laget vere minst 156 år (reknast som fylt alder i løpet av kalenderåret, opne for løparar frå og med 15 år). Ingen av etappene i D/H13-16 skal ha høgare vanskegrad enn B-nivå. For ikkje å få for stor tidsspreiing, skal stafettløypene generelt leggjast noko enklare enn dei individuelle løypene. Stipulert vinnartid pr. etappe i H17- skal ikkje vere over 35 minutt. Stipulert vinnartid pr. etappe i D13-16 og H13-16 skal ikkje vere over 25 minutt. I øvrige stafettklasser skal ingen etappe ha stipulert vinnartid over 30 minutt. I tillegg til dei 6 meisterskapsklassene skal det vere ei D/H11-12 klasse med 2 etapper og ei open stafettklasse ("miksklasse") utanfor sjølve meisterskapen. I open klassen kan løparar frå ein eller fleire klubbar kan delta på same stafettlag. Etappene i denne stafettklassa bør ha ulik lengd og vanskegrad, noko som skal gå nærare fram av innbydinga. I samband med stafetten skal det også som eit minimum vere individuelt løpstilbod for C- og N-løparar.

6. Det delast ut medaljar i meisterskapsklassene. I individuelle klasser opp til og med D/H21-, samt i stafettklassene D/H13-16 og D/H17-, delast ut både gull, sølv og bronse. I eldre klasser delast det minst ut gull. Arrangøren kan velje om han også ønskjer å dele ut sølv og bronse i desse eldre klassene. Arrangøren må sjølv koste medaljane. Øvrig premiering skal vere i henhold til generelt regelverk.

7. Vest-norsk o-krinsleiar møte setjer opp ei fleirårig rulleringsliste over kva o-krins som har ansvar for arrangementet i dei næraste åra. Den ansvarlege o-krinsen har, i henhold til denne rulleringslista, ansvar for vidare tildeling av arrangementet. For å unngå lange reiser, bør arrangementet ikkje leggjast langt nord i Sogn&Fjordane eller langt sør i Rogaland. Arrangørkrinsen oppnemner TD(ar) og evt. også jury i henhold til gjeldande bestemmelsar frå NOF.

8. Endring av desse reglane skjer ved vedtak i vest-norsk o-krinsleiar møte. Ved evt. motstrid mellom desse reglane og NOF sine reglar, gjeld NOF sine reglar. Ved evt. motstrid mellom desse reglane og vedkommande arrangørkrins sine reglar, gjeld desse reglane.

Gjeldende rulleringsliste pr. 12.10.2012 :

2012	Hordaland	Askøy OL
2013	Rogaland	Sveio OL
2014	Hordaland	Stord Orientering
2015	Sogn og Fjordane	
2016	Hordaland	
2017	Rogaland	
2018	Hordaland	
2019	Sogn og Fjordane	
2020	Hordaland	